

**Fra:** Anne-Kathrine Vabø (Anne-Kathrine.Vabo@hfk.no)  
**Sendt:** 09.09.2015 12:25:57  
**Til:** stein.are.hoviskeland@askoy.kommune.no  
**Kopi:**

**Emne:** Plan 368 - Askøyparken  
**Vedlegg:** image001.png;image002.png

E-posten under vart sendt til kommunane i Hordaland i mars. Ber om at alle juridiske dokument i saka Plan 368 – Askøyparken vert oversendt i pdf-format. Nytt adressa som er oppgitt: [hfk@hfk.no](mailto:hfk@hfk.no).

Beste helsing

**Anne-Kathrine Vabø**  
Spesialrådgjevar  
Regionalavdelinga | Planseksjonen



Tlf.: 55 23 93 32 / 957 01 145  
[www.hordaland.no/plan](http://www.hordaland.no/plan)

-----  
Til kommunane i Hordaland

## OVERSENDING AV PLANAR PÅ HØYRING VIA E-POST

Hordaland fylkeskommune er høyringspart for kommuneplanar og reguleringsplanar. Mange plansaker blir sendt gjennom e-post. Det er korte fristar og trong for effektiv handtering. Hordaland fylkeskommune har fullelektronisk sakshandsaming. Planseksjonen koordinerer arbeidet med høyringar.

For å lette arbeidet ber om følgjande:

### Overskrift

Overskrifta til brev/e-post bør innehalde følgjande opplysningar:

Kommune – plantype(kommuneplan/reguleringsplan) – planfase  
(oppstart/planprogram/planforslag/planvedtak) – plannamn og eventuelt planID

### Avsendar

Det må gå tydeleg fram kva organ som er avsendar og adressat for høyringssvar.

### E-postadresse

Alle oversendingar av planar på høyring via e-post skal sendast i ein e-post til ei adresse:  
[hfk@hfk.no](mailto:hfk@hfk.no)

### Innhald

Oversendinga skal ha vedlagt **alle juridiske dokument i pdf-format**. Det vil sei oppstartmelding/planprogram ved oppstart, planskildring og føresegner, plankart og eventuelt konsekvensutgreiing ved planforslag og det same etter planvedtak. For andre dokument kan det gjerne nyttast tilvising til spesifisert nettadresse i kommunen.

11.mars 2015

Venleg helsing

**Marit Rødseth**  
Plansjef  
Regionalavdelinga | Planseksjonen



Tlf: 55239284 | Mob:48138493  
[www.hordaland.no/plan](http://www.hordaland.no/plan)